
Saksnr: 2021/2185-2
Saksbehandlar: Åge Avedal

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.02.2021

Søknad om forlenga frist - tilskot til regionalt kulturbygg

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering gir Hardanger og Voss museum utvida frist til 31.12.2022 for bruk av tildelte midlar i 2018 frå Hordaland fylkeskommune til tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar.

Samandrag

Hardanger og Voss museum fekk i 2018 tildelt 700 000 kr frå ordninga tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar, etter budsjettvedtak i Hordaland fylkesting. Tilskotet vart løyvd til prosjektet «Tett på» ved Hardanger fartøyvernseier. Hardanger og Voss museum søker i brev sendt til Vestland fylkeskommune den 21. januar 2020 om forlenga frist for bruk av midlane, då prosjektet ikkje er fullfinansiert. Fylkesdirektør tilrår at fristen for å bruke og rapportere for bruken av midlane blir forlenga til 31.12.2022.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Søknad om forlenging av frist for tilskot
- 2 E-post, Søknad om forlenga frist - Tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Hordaland løyvde i sak 105/17, årsbudsjett for 2018, 700 000 kr frå tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar, til prosjekt for utvikling av Hardanger fartøyvernmuseum, avdeling ved Hardanger og Voss museum. Tilskotet vart løyvd med to års frist for gjennomføring av tiltaka. HVM søker no om forlenga frist for å gjennomføre prosjektet.

Hardanger og Voss museum (HVM) har prosjektert ferdig alle større tiltak ved prosjektet «Tett på», der museums- og formidlingsbygget «Kulturnaustet» er det største tiltaket. HVM har arbeidd med å få prosjektet fullfinansiert, med midlar frå kommune, fylkeskommune, staten og private stiftingar. HVM søkte i 2020 om midlar frå ordninga tilskot til nasjonale kulturbygg via Kulturdepartementet og frå Vestland fylkeskommune si ordning tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar. Søknadene fekk avslag, men fyller kriteria i ordningane. Prosjektet har fått støtte frå private stiftingar, Kvam herad og Hordaland fylkeskommune, men er ikkje fullfinansiert.

Fylkesdirektør meiner tilskot til kulturbygg er eit utfordrande område, då spelemidlane som er løyvd via Kulturdepartementet har blitt mindre med åra. Hordaland fylkeskommune hadde ei eiga tilskotsordning til kulturbygg med regionale funksjonar frå 2010 til 2019, men denne er ikkje vidareført med midlar i Vestland fylkeskommune. I 2020 vart ordninga tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar oppretta i Vestland fylkeskommune. Det kom inn åtte søknader til ordninga, men fylkestinget løyvde ikkje midlar til nokon av desse prosjekta i budsjettet for 2021.

Fylkesdirektør tilrår at hovudutvalet innvilgar søknaden om forlenga frist for gjennomføring av prosjektet «Tett på» ved Hardanger fartøyvernssenter, slik at Hardanger og Voss museum kan arbeide vidare med å få prosjektet fullfinansiert.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement, punkt 3.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Vedtaket vil ikkje få økonomiske konsekvensar.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant.

Konklusjon

Hardanger og Voss museum fekk i 2018 tildelt 700 000 kr av Hordaland fylkesting frå ordninga tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar. Hardanger og Voss museum søker om forlenga frist for bruk av midlane, då prosjektet ikkje er fullfinansiert. Fylkesdirektør tilrår at fristen for å gjennomføre prosjektet og rapportere for bruken av midlane blir forlenga til 31.12.2022.